



NM-LAG 2013

BULLETIN 2



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



VÅRE SPONSORER

Sunnmørsposten



REDAKTØR | ERLEND SKJETNE

## Innhold

Redaktørens hjørne.....	1
Resultat etter dag 1 .....	2
Program.....	6
Lagfinalen sett fra langt hold.....	7
Eit potensielt bulletinspel .....	9
Kamikaze?.....	10
Den vesle ekstrasjansen.....	11
Kvardagsproblem .....	12
For därleg slem? .....	13
2 grand viser ...? .....	14


## Redaktørens hjørne

Ein lang og smerteuell dag er til endes. Alt var i orden inntil klokka 10.00. Opningsseremonien var akkurat passe kort og ukomplisert, med gode og poengterte taler ved Arnt Ola Fidjestøl, styreleiar i BK Grand og i dag også stand-in for sjølvaste Ordføraren, og visepresident i NBF Per Watz. Jon Aabye hadde allereie fått på seg shortsen sin, og Håvard Larsen i god gang med sin sedvanlege usaklege kritikk av Redaktøren: "Du er ein dverg." Ingenting uvanleg, med andre ord.

Men så byrja bridgen, og dimed var katastrofen eit faktum, iallfall for underteikna. Det var egg etter egg, eit veritabelt hønseri.

Den gode nyheita er at dette naturlegvis, i heile dag, har vore positivt for visse andre. Derimellom Bodø og Ski, dei to laga som møtte mitt lag Heimdal i høvesvis fyrste og andre runde. Ski har teke leiinga marginalt framfor nettopp Bodø. Heimdal og Bergen, to lag som mange har tippa mellom favorittane, ligg i sumpa. Men det skal seiast at det er ei stund igjen til tevlinga er over enno, så vi håper dei därlegast plasserte får litt fleire poengs etter kvart, og skapar maksimalt med spenning, om ikkje anna så for publikums skuld.

Eg skal medgje at det er ei lita utfordring vekselvis å skulle spela denne finalen og produsere bulletinen. Men ei slags trykksak har det vorte i dag òg. Eg vil berre be om orsak, på førehand, for alle feil som kan ha snike seg inn midt oppi alt hastverket.



Erlend Skjetne,  
bulletinansvarleg.  
[erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)

## Resultat etter dag 1



SPAREBANKEN MØRE

Sunnmørsposten

Møre og Romsdal  
fylkeskommune

### 2013-05-09 - 11 NM Lagfinale 2013

[Kampresultat](#) [PBN](#) [Total Butler](#) ... i lagordning [1:1](#) [1:2](#) [2:1](#) [2:2](#) [3:1](#) [Mer informasjon](#)

8 lag. Antall runder: 3.

Plass	Lag	Poeng	Navn	Lagsammensetning
1	2	39,70	Ski BK	Thoresen - Ovesen - Halderaker - Ellestad
2	1	39,00	Bodø BK Lyn	Larsen - Åselid - Larsen - Hansen - Lyngen
3	6	36,42	TopBridge BC	Hantveit - Høyland - Farstad - Aabye - Furunes - Stabell
4	3	30,77	Nærø BK	Fryland - Ueland - Nesdal - Herland - Søiland - Ueland
5	4	28,00	BK Grand	Haram - Hesseberg - Hartvigsen - Remvik - Fidjestøl - Storsten
6	8	26,98	Heimdal BK	Livgård - Aa - Skjetne - Erichsen - Helgemo - Grøtheim
7	7	21,13	Bergen Akademiske BK	Høyland - Eide - Bakke - Høyland - Fyrun
8	5	19,22	Kristiansand	Kvangraven - Svendsen - Baumann - Stornes - Dahl

Runde: 3		Spill	1	2	IMP	Poeng
Bord	Lag					
1	8 Heimdal BK	3 Nærø BK	14	18-37	18-37	6,18 13,82
2	2 Ski BK	4 BK Grand	14	49-34	49-34	13,13 6,87
3	1 Bodø BK Lyn	5 Kristiansand	14	35-32	35-32	10,70 9,30
4	6 TopBridge BC	7 Bergen Akademiske BK	14	29-14	29-14	13,13 6,87

Runde: 4		Spill				Poeng
Bord	Lag					
1	4 BK Grand	8 Heimdal BK				
2	3 Nærø BK	5 Kristiansand				
3	2 Ski BK	6 TopBridge BC				
4	7 Bergen Akademiske BK	1 Bodø BK Lyn				

Runde: 2		Spill	Trpt	1	2	IMP	Poeng
Bord	Lag						
1	2 Ski BK	8 Heimdal BK	14	3-0/3-0	24-23	32-42	59-65/68-56
2	1 Bodø BK Lyn	3 Nærø BK	14	45-25	41-23	86-48	16,53 3,47
3	7 Bergen Akademiske BK	4 BK Grand	14	38-43	41-26	79-69	12,18 7,82
4	5 Kristiansand	6 TopBridge BC	14	18-33	27-51,5	45-84,5	3,23 16,77

Runde: 1		Spill	1	2	IMP	Poeng
Bord	Lag					
1	8 Heimdal BK	1 Bodø BK Lyn	14	14-23	23-22	37-45
2	7 Bergen Akademiske BK	2 Ski BK	14	6-32	3-28	9-60
3	6 TopBridge BC	3 Nærø BK	14	17-14	17-37	34-51
4	4 BK Grand	5 Kristiansand	14	24-17	35-26	59-43

### Pris for beste spill og journalistpris

Tradisjonen tro blir det utdelt en pris for beste spill under Lagfinalen, og en journalistpris til den som skriver om spillet i bulletinen. Alle kandidattekster må være levert bulletinen senest lørdag kl. 20.00.

Premien for beste spill er kr. 1000, gitt av arrangørklubben BK Grand.  
Journalistprisen er samme beløp, og blir gitt av Norsk Bridgepresse.

## Butler

Plass	Poeng	Navn	<u>1:1</u>	<u>1:2</u>	<u>2:1</u>	<u>2:2</u>	<u>3:1</u>
1	1,29	Håvard Larsen	0,93	1,36	1,57		
2	1,23	Tolle Stabell - Jon Egil Furunes	0,86	-1,00		2,71	2,36
3	0,97	Jo-Arne Ovesen - Siv Thoresen	0,43	2,00	0,64	0,86	0,93
4	0,86	Tarjei Eck Hansen			0,07	0,71	1,79
5	0,66	Idar Lyngen	0,93	1,36	1,57	1,00	-1,57
6	0,57	Magne Eide	-0,43		-0,14	1,79	1,07
7	0,48	Ståle Frøyland - John Helge Herland	0,57	1,00	-0,07		0,43
8	0,34	Odin S. Svendsen	-0,79	-0,14		0,71	1,57
9	0,29	Jon Terje Storsten - Arnt Ola Fidjestøl			0,86	0,93	-0,93
10	0,20	Jørn Åselid	-0,07	-1,50	0,07	0,71	1,79
11	0,19	Sam Inge Høyland - Trond Hantveit	-0,57		2,21		-1,07
12	0,14	Glenn Grøtheim - Geir Helgemo		1,50	-0,64		-0,43
13	-0,01	Olav Ellestad - Bjørnar Halderaker	1,71	-0,36	-0,64	-1,57	0,79
	-0,01	Sven-Olai Høyland	-0,43	0,36	-0,14	-0,93	1,07
15	-0,05	Lars-Ove Remvik - Hallgeir Hartvigsen	0,79	0,64	0,14	-1,79	
	-0,05	Daniel Ueland - Are Nesdal	-0,86	0,43		-1,00	1,21
17	-0,09	Nils Kvangraven	0,14	-0,64	-2,21	0,71	1,57
18	-0,23	Erlend Skjetne - Espen Erichsen	0,07	-1,36		1,57	-1,21
19	-0,26	Petter Haram - Torstein Hesseberg	-0,14	0,14			-0,79
20	-0,29	Kjell Gaute Fyrun		0,36		-0,93	
21	-0,38	Terje Aa - Allan Livgård	-0,93		0,64	-0,86	
22	-0,54	Espen Larsen	-0,07	-1,50		1,00	-1,57
23	-0,77	Karl Christian Baumann	0,14		1,29	-2,71	-1,79
24	-0,81	Jon Aabye - Arve Farstad		-0,43	-1,29	-0,71	
25	-0,96	Helge Stornes		-0,64	1,29	-2,71	-1,79
26	-1,03	Tor Bakke	-1,71	-2,00	-0,86	1,79	-2,36
27	-1,05	Erik Dahl	-0,79	-0,14	-2,21		
28	-1,14	Tommy Søiland - David Ueland			-1,57	-0,71	
29	-1,73	Jim Høyland	-1,71	-2,00	-0,86		-2,36

9. mai 2013

**2013-05-08 Velkomstturnering NM-Lag**[Spillstensiler](#) [PBN](#) [Mer informasjon](#)

6 bord, 12 par. Antall spill: 21.

Plass	Par	Poeng	%	Navn	MNR	Klubb
1	3	30	64,3	Idar Lyngen - Håvard Larsen	10089 24786	Bodø BK Lyn
2	7	28	63,3	Geir Harnes - Kay Robert Brastad	25151 25933	Otta BK - BK Grand
3	12	19	59,0	Petter Haram - Torstein Hesseberg	11179 11187	BK Grand
4	6	18	58,6	Jørn Åselid - Espen Larsen	10995 11157	Bodø BK Lyn
5	8	9	54,3	Ronald Justsen - Terje Hildremyr	22637 24836	Brattvåg og Søvik BK
6	4	8	53,8	Tommy Skodje - Odd Egil Skodje	12822 13232	BK Grand
7	2	-12	44,3	Svein Muriaas - Terje Muriaas	4627 30090	BK Grand
	10	-12	44,3	Rune Skodje - Reidun Solheim	8880 30303	BK Grand
9	9	-16	42,4	Per Willy Watz - Morten Rolfsen	25138 24927	Nesodden BK - Stranda BK
10	5	-20	40,5	Hans Petter Vaagsæter - Olav Vågen	14769 28699	BK Grand
11	11	-21	40,0	Alf Inge Tafjord - Kristen Johan Midtlid	34666 6780	BK Grand
12	1	-31	35,2	Jon Terje Storsten - Arnt Ola Fidjestøl	8438 11842	BK Grand

**En god nyhet til noen**

Mesterpoeng for vunnet match gis, med den nye VP-skalaen i bruk, bare ved seier 12-8 og oppover. Det vil si at seier med 9 IMP eller mindre er å regne for uavgjort når det kommer til utdeling av mesterpoeng.

Til orientering gjør den nye skalaen også at mengden straffepoeng for ymse forseelser er halvert i forhold til det som står i lovboken.

## Program

<b><i>Fredag 10. mai</i></b>	
<b>Kamp 3-2</b>	<b>09.00.-10.55.</b>
<b>Kamp 4-1</b>	<b>11.05.-13.00.</b>
BKGrand	Heimdal
Nærø BK	Kristiansand
Ski BK	TopBridge BC
Bergen	
Akademiske BK	Bodø BK Lyn
<b>Lunch</b>	<b>13.00.-14.00.</b>
<b>Kamp 4-2</b>	<b>14.00.-15.55.</b>
<b>Kamp 5-1</b>	<b>16.05.-18.00.</b>
Heimdal	Kristiansand
BKGrand	TopBridge BC
	Bergen
Nærø BK	Akademiske BK
Bodø BK Lyn	Ski BK
<b>Kamp 5-2</b>	<b>18.15.-20.10.</b>
<b><i>Lørdag 11. mai</i></b>	
<b>Kamp 6-1</b>	<b>10.00.-11.55.</b>
TopBridge BC	Heimdal
	Bergen
Kristiansand	Akademiske BK
BKGrand	Bodø BK Lyn
Ski BK	Nærø BK
<b>Kamp 6-2</b>	<b>12.05.-14.00.</b>
<b>Lunch</b>	<b>14.00.-15.00.</b>
<b>Kamp 7-1</b>	<b>15.00.-16.55.</b>
	Bergen
Heimdal	Akademiske BK
TopBridge BC	Bodø BK Lyn
Kristiansand	Ski BK
Nærø BK	BK Grand
<b>Kamp 7-2</b>	<b>17.05.-19.00.</b>
<b>Bankett med premieutdeling</b>	<b>ca.20.30.</b>

## Lagfinalen sett fra langt hold av GeO Tislevoll, Auckland, New Zealand

Lagfinalen startet med en god del nokså flate spill. Men det forhindret ikke Ski og Bodø BK Lyn fra å gi favorittlagene Heimdal og Bergen AK hard kamp. Et interessant spill helt i starten var dette:

Giver øst, alle i sonen.

♠AKJ104  
♥QJ5  
♦AK  
♣K75



♠96  
♥A8  
♦1095432  
♣J106

Ved alle bord viste nord en sterk 2 grand-variant. Noen fortalte om 20-21 mens andre viste 22-23 grand, som kortene kanskje er verd med den fine sparfargen? Kontrakten ble 3 NT spilt av nord. Standard utspill var hjerter, de fleste steder hjerter ti, som fikk løpe til nords knekt. Hvordan bør det spilles videre?

♠AKJ104  
♥QJ5  
♦AK  
♣K75

♠Q732	♠85
♥632	♥K10974
♦Q	♦J876
♣AQ843	♣92

♠96  
♥A8  
♦1095432  
♣J106

Dette er jo “Lagfinalen sett fra langt hold”, så jeg tar forbehold om at recordingen på BBO er riktig. Men ingen av spilleføringene i BBO-kampen imponerte veldig. Ved det ene bordet

spilte nord liten kløver i andre stikk. Vest vant med damen og spilte hjerter. Da måtte spillefører falle tilbake på sparfargen. Spar ni fikk seile, og ni stikk var sikret. Men det var vel ikke noe i veien for at kortene kunne vært slik hos Ø/V (kun to kort er byttet):

Vest	Øst
♠ 732	♠ Q85
♥ 632	♥ K10974
♦ QJ	♦ 876
♣ AQ843	♣ 92

Det er vel to sjanser i denne utgangen, enten at sparfargen går eller at ruteren gir full uttelling. Derfor er det en bra ide å ta ess-konge i ruter før inntaket hjerter ess blir revet bort. Om ikke det går bra er sparfargen den siste sjansen for ni stikk. Kløverspillet i andre stikk vil gi forsvaret to kløverstikk og to hjerterstikk (om den sitter 4-4), så sparfinessen må i så fall gå uansett (om altså ikke ruteren er løsningen). Men ved å spille kløver fikk han ikke med seg rutersjansen, som det selvsagt må innrømmes at er nokså marginal.

Ved det andre bordet vant også spillefører første stikk med hjerter knekt. Der ble spar ess spilt i andre stikk, så spar konge og mer spar. Da kunne ikke kontrakten vinnes lenger. Forsvaret satte opp hjerteren, og spillefører hadde kun åtte stikk. Han som vant kontrakten i BBO-kampen spilte i alle fall på beste sparvariant. Å ikke ta en honnør først er korrekt, da får man tatt to sparfinesser og vinner også med damen fjerde foran.

Det ble ikke den starten som man kunne forvente for mine favoritter. Heimdal slet mot Bodø BK Lyn og tapte til slutt 8,23 – 11,77 (8 IMP). Verre gikk det for fjarårvinnerne fra Bergen. At de skulle score 9 IMP på tjueåtte spill i sin første kamp mot Ski var vel en liten bombe, siden Ski fikk fatt i hele 60 IMP! Med den nye VP-skalaen betyr det tap med hele 2,08 – 17,92. Men idet klokka har passert midnatt her i Auckland, mens spillerne har lunsjpause i Ålesund, er det kun spilt en kamp. Så favorittene kommer nok sterkere etter hvert. Selv fulgte jeg BBO-kampen i runde 1, og de fleste som ikke er fra Sørlandet syntes vel det var hyggelig at arrangørklubben startet finalen med en seier.

Dermed logger undertegnede seg av internett, men gleder meg til å se hvordan det har utviklet seg i morgen tidlig, resultater som du kan finne et annet sted i denne bulletinen.

GeO,  
*bridgegeo@gmail.com*

## Eit potensielt bulletinspel

Andre halvrunde av fyrste kamp var ein katastrofal affære for underteikna. Det byrja allereie på det fyrste spelet, eller rettare sagt med det fyrste kortet, og det var berre ei mager trøyst at den aktuelle utgangen teoretisk sett kunne vinnast uansett.

Gjevar sør, nord – sør i sona.

♠ AJ9874

♥ 864

♦ 765

♣ 9

♠ 5	♠ Q3
♥ AJ9	♥ Q10532
♦ A10982	♦ J4
♣ J642	♣ KQ75

♠ K1062

♥ K7

♦ KQ3

♣ A1083



Håvard Larsen

Sør opnar 1 grand, nord overfører med 2 hjarter, makker doblar og sør seier 2 spar. Det verkar plausibelt å kjempe med 3 hjarter, men då går det 3 spar i nord og 4 spar frå Håvard Larsen i sør. Kva er riktig utspel frå vesthanda? Når ein sit bak grandopnaren med såpass fine verdiar er det kanskje lurt å velja noko passivt, spar eller kløver, som vel å merkje har den ulempen det kan rulle opp den aktuelle fargen, alternativt at det kan forsvinne eit hjarterstikk for forsvaret – aust har jo relativt ofte hjarter konge.

Valet fall på hjarter ess; då var det ti kabalstikk. Umiddelbart kjendest det som eg hadde tråkka på kontrakten, men det skal seiast at den faktisk står uansett. La oss seia det kjem kløver ut til esset: Det kan i seg sjølv tyde på at vest har hjarter ess, og speleførar kan vel nærmest rutinemessig trumfe ein kløver i stikk to. Så spar til kongen, og no må ein stela ein ny kløver – noko som vel å merkje er feil om kløveren sit 6-2 og aust kan stela over. Men greier går det bra kan ein ta for spar ess og spela ruter til kongen. Vest kan stikke og fri seg i ruter, eller dukke om han vil, ein får uansett spela den siste kløveren til steling, og så er det gratis å fri seg i ruter. Vest blir automatisk innspela.

Det var dumt å skrive dette såleis, for hadde eg ikkje gjort det kunne eg påstått at eg spela kløver ut og at Håvard Larsen faktisk førde korta som skissert. Spørsmålet er om nokon ville trudd meg.

På det andre bordet i min kamp vart 4 spar også vunne, visstnok på det nemnde innspelet, men det er sikkert ikkje nokon som trur på dét heller.

## Kamikaze?

I andre runde var Bodø i rama. I eit av spela fekk Håvard Larsen og Idar Lyngen feire julekveld. Det hjelpte ikkje motparten stort at dei var i gunstig sone.

♠Q6  
♥Q87652  
♦QJ97  
♣8

♠2	♠AJ854
♥A1094	♥J3
♦A43	♦K10865
♣A9753	♣10

♠K10973  
♥K  
♦2  
♣KQJ642



*Idar Lyngen*

I ope rom opna Tarjei Eck Hansen i veike 2 hjarter på nords kort, aust passa og det same gjorde Jørn Åselid i sør, disiplinert og pent. Vest fann heller ingen grunn til å melde. Eck Hansen greidde å skrape saman fire stikk, 200 ut. På det andre bordet opna nord i multi, og pass – 2 hjarter – pass – pass gav Håvard Larsen sjansen til å balansere med 2 spar, ein heilt normal aksjon. Om sør no passar melder vest truleg 2 grand, ettersom det sikkert er like greitt å spela der som på ein elendig spartilpass. Larsen seier vel 3 ruter, og det bør gå pass rundt. Det ser vanskelig ut å få meir enn åtte stikk der, men 110 ut hadde vore eit greitt nok resultat for nord – sør. Diverre var sør altså i gunstig sone, og han tenkte nok at det sikkert ikkje kunne bli så dyrt å melde sjølv om det skulle vise seg å vera eit misfit-spel – naturlegvis høgst sannsynleg ut frå meldingane så langt. Han sa altså 3 kløver, og Idar Lyngen i vest var ikkje sein om å doble. No har nord ein opplagt pass etter mitt skjønn, makker kan vel få segle sin eigen sjø, men då nord slengde inn ei panisk redobling var sør nesten tvungen til å preferere 3 hjarter. Det vart òg dobla og kosta 1100.

Dette til skrek og åtvaring.

## Den vesle ekstrasjansen

I fyrste halvdel av andre kamp kom eit anna spel, der Bodø dverre ikkje var like påpasseleg med å utnytte alle sjansar.

♠ A42

♥ A86

♦ Q1083

♣ 865

♠ Q98              ♠ K5

♥ K93              ♥ Q1052

♦ K9

♦ J76542

♣ J7432

♣ 10

♠ J10763

♥ J74

♦ A

♣ AKQ9

Det gjekk to passar til sør som opna 1 spar, og etter ein Drury-sekvens der sør ikkje nemnde kløveren sin, vart han speleførar i 4 spar. Liten kløver kom ut til tiaren og dama (iallfall vart det kortet lagt av BBO-operatøren), og det ser ut som kontrakten kanskje dreier seg om å finne sparen, altså gisse på kven som har honnør dobbel, men det kan òg vera sjansar for å få kasta ein hjarter på kløver og stole ein hjarter. Sør byrja med spar ti rundt til kongen, og derifrå kom hjarter attende til knekten og kongen. Då den vart lasjert var kontrakten eigentleg beit – og vest visste vel nesten sikkert korleis kløveren sat etter det som skjedde i fyrste stikk, kombinert med det faktum at makker ikkje spela kløver attende inne på spar konge. Men då han heldt fram med hjarter stod det igjen. Sør spela plausibelt nok då han no tok spar ess og prøvde kløveren frå toppen i von om å få kaste ein hjarter i bordet, men dette heldt ikkje aktuelt.

Poenget er at det er gratis å ta med seg sjansen for ruterkongen dobbel, altså ruter til esset – og så fyrst spar til esset. Når ein no stel ein ruter og kongen kjem ramlande, er kontrakten heime ettersom det enno ligg ein trumf att som inntak til den godspela ruter dame.

På det andre bordet var kontrakten 3 grand med ei beit. Det var berre to av dei sju para som spela 4 spar som vann kontrakten, Tor Bakke – Jim Høyland og Terje Aa – Allan Livgård.

## Kvardagsproblem

Det finst glupe hjernar som med datateknologisk hjelp finn ut kva som er det statistiske riktige å gjera i spesielle frekvente situasjonar ved bridgebordet. Det kunne vore interessant å fått ein matematisk fasit for fylgjande hand, som har utspelet etter at motstandar til høgre opnar 1 grand og han til venstre hoppar til 3 grand.

♠A42

♥1073

♦QJ76

♣985

Det er klårt at meldingsforlaupet indikerer majorutspel. Nokre spelarar med sans for regelrytteri, spelar vel nærast slavisk major ut i denne possen. Eg spelte ein gong med ein makker i Trondheim som var veldig oppteken av dette, så oppteken av det at då eg opna 1 grand og han sat med 7-4 i major og ti poeng, klaska han 3 grand – fordi han var 110% sikker på at det ville koma ein majorfarge ut. Diverre kom det ein minor den gongen, og eg gjekk to beit i 3 grand medan utgang i både majorfargane var nedlegg. Nokre praktiserer jo ein regel som faktisk har noko for seg, nemleg alltid å spela lengste farge ut mot grand.

♠KJ6

♥A86

♦9854

♣K73

♠A42

♠Q873

♥1073

♥KJ542

♦QJ76

♦2

♣985

♣1064

♠1095

♥Q9

♦AK103

♣AQJ2

Med den aktuelle handa må eg medgje at eg fort ville nytta den regelen, og sørva ein ruter. Det gjorde fem vestspelarar i denne Lagfinalen, og dei same fem måtte sjå 3 grand i sona rulle heim. Idar Lyngen var ein av to – den andre var John Helge Herland eller Ståle Frøyland – som valde hjarter og inkasserte beit. Liten spar hadde sannsynlegvis gjort same nytta.

## For därleg slem?

Lagfinalistane imponerte ikkje akkurat på det fylgjande spelet frå andre halvdel av andre kamp.

♠A84

♥J83

♦9853

♣AKQ

♠A42              ♠4

♥Q10642          ♥975

♦AK107            ♦QJ642

♣-                 ♣J1063

♠KQ1072

♥AK

♦-

♣987542

Kva vil du vera i på korta nord – sør her? 7 kløver er ein glimrande kontrakt, 7 spar heller ikkje därleg, og vesleslem i både dei svarte fargane er jo praktisk talt nedlegg ... om det ikkje sit så borti staur og vegger som det gjorde denne gongen: Når korkje sparen eller kløveren brekkjer kan ein ikkje vinne meir enn elleve stikk nokon stad.

Val av opningsmelding kan få litt å seia; opnar ein 1 kløver kjem motparten kanskje på banen, men om det går 1 spar – pass, som det gjorde på mitt bord, seier ein jo 2 kløver og får straks ei splintermelding, og då bør det vera ei smal sak å melde minst vesleslem. Eg følte meg temmeleg trygg på eit buttspel då makker gjekk ei beit i 6 spar, men det vart 10 IMP ut, og internettet fortalte meg seinare at kontrakten på alle andre bord i salen hadde vore berre 4 spar. Den einaste grunnen til at spelet ikkje vart heilt katastrofe på butlaren, var at to speleførarar ikkje eingong greidde utgangen sin! Dei vart vel så forfjamsa over ha å ha brent ein glimrande storeslem at dei ikkje vigde utgangen serleg tankeverksemd.

## 2 grand viser ...?

Det er ei stor ære å få spela ein NM-finale på lag med Geir Helgemo. Prisen for moroa, som ein vel å merkje ikkje kan klage over, er at ein ikkje greier å lure seg unna ved samanlikning, skulde på uflaks eller det eine eller det andre – han veit kva som burde vore gjort. Spelet under er eit døme.

♠A932

♥AQ86

♦AK42

♣7

♠J104              ♠876

♥K73              ♥J104

♦1096              ♦J7

♣AK96              ♣Q8542

♠KQ5

♥952

♦Q853

♣J103



*Geir Helgemo*

Eg hadde den tvilsame æra å sitja sør, og høynde 1 ruter frå makker. Eg sa 1 grand, makker 2 grand som naturleg invitert, og med den trillrunde åttepoengaren følte eg ikkje eg hadde noko å tilføye. Vest spela spar knekt ut, og då eg ikkje våga meg på nokon hjarterkapp vart det ni kjappe stikk, 150.

Resultatet verka ikkje horribelt ettersom 3 grand er beit med kløver ut. Men 5 ruter står jo alltid. Korleis skulle dét vore meldt? Jo, eg kan jo eigentleg berre melde det. For kva har makker? Han har ikkje ein 15-17-grand når han ikkje opna 1 grand, han har ikkje ein 18-19 når han ikkje hoppar til 3 grand, sekskorts ruter har han truleg heller ikkje. Han har nesten alltid 4-3-5-1, 3-4-5-1 eller 4-4-4-1. Eller som Helgemo elegant formulerte det: "2 grand viser singel kløver."

I alle tilfelle er 5 ruter riktig. Der var Ståle Frøyland og John Helge Herland mot nettopp Helgemo, men ingen andre i salen. Derimot var det fleire som vann 3 grand.